



Landbruks- og
matdepartementet

Forslag til ny forskrift om pristilskot og formidling av pristilskot i jordbruket

Høringsnotat av 21. november 2022

Innhold

| | |
|--|----|
| 1. Innleiing og bakgrunn | 3 |
| 2. Føremål og verkeområde | 4 |
| 3. Tildeling av pristilskot | 5 |
| 3.1 Innleiing..... | 5 |
| 3.2 Grunnvilkåra for pristilskot..... | 5 |
| 3.3 Pristilskot for mjølk..... | 7 |
| 3.4 Pristilskot for kjøt..... | 7 |
| 3.5 Pristilskot for egg..... | 9 |
| 3.6 Pristilskot for ull og skinn..... | 10 |
| 3.7 Pristilskot for korn, oljevekstar og kraftfôr | 11 |
| 4. Formidling av pristilskot..... | 13 |
| 4.1 Innleiing..... | 13 |
| 4.2 Gjeldande rett..... | 13 |
| 4.3 Nærare om forskriftsframlegget..... | 15 |
| 5. Fellesføresegner | 17 |
| 5.1 Innleiing..... | 17 |
| 5.2 Opplysningsplikt og kontroll..... | 17 |
| 5.3 Rapportering og utbetaling | 18 |
| 5.4 Retting av feilutbetalingar og avkorting..... | 18 |
| 5.5 Tilbakekall av godkjenning som tilskotsformidlar | 20 |
| 5.6 Fritak..... | 21 |
| 6. Overgangsføresegner | 21 |
| 7. Økonomiske og administrative følgjer..... | 21 |

1. Innleiing og bakgrunn

Pristilskota til landbrukssektoren skal mellom anna medverke til å betre dei økonomiske vilkåra for produsentar av jordbruksprodukt og utjamne distriktsskilnadar i produksjon og omsetnad av jordbruksprodukt i samsvar med Stortinget sine målsetnader for jordbruket, som er nedfelt i Prop. 1 S. Føresegnene om tilskot etter forskrift 19. desember 2008 nr. 1490 om pristilskot i landbrukssektoren (pristilskotforskrifta) gjeld for produsentar av landbruksprodukt. Det er gjeve føresegner både for føretak som driv primærproduksjon og føretak som driv vidareforedling av landbruksprodukt, som til dømes slakteri, eggpakkeri og møller. Storleiken på tilskotet bereknast på grunnlag av mengda levert eller kjøpt vare og satsar som er fastsett i eller i medhald av jordbruksavtalen. Pristilskotforskrifta og forskrift 19. desember 2008 nr. 1491 om formidling av pristilskot i landbrukssektoren (formidlingsforskrifta) gjeld for 16 ulike pristilskot knytt til produksjon, frakt eller bruk av egg, slakt, slaktedyr, mjølk, ull, skinn, korn, kraftfôrråvarer og andre vekstar som gjev grunnlag for tilskot etter kapittel 6 om pristilskot i jordbruksavtalen.

Før den siste større revisjon av pristilskotregelverket i 2008 var føresegnene om pristilskot spreidd mellom dei ulike kategoriar for pristilskot. Dette gjorde regelverket fragmentert og vanskeleg tilgjengeleg. Ved revisjonen i 2008 vart dei ulike forskrifter om pristilskot difor samla i pristilskotforskrifta og formidlingsforskrifta. Hovudføremålet bak denne revisjonen var ønsket om å samordne føresegnene for dei ulike tilskota, for på den måten skape eit enklare og meir oversiktleg regelverk. Det vart også lagt opp til at forskriftsføresegnene i større grad enn før skulle supplerast med rundskriv og andre rettleiarar. Vidare skulle regelverket etablere eit klarare skilje mellom forskriftsføresegner og jordbruksavtalen. Vilkåra for pristilskot og formidling av pristilskot vart fastsett i forskrift, medan føresegnene om utmåling skulle følgje av jordbruksavtalen.

Dei framlegg til endringar som presenterast i denne høyringa er ei vidareutvikling av det regelverksarbeidet som vart gjort i 2008. Den største endringa er at det vert føreslått å slå saman pristilskotforskrifta og formidlingsforskrifta. Departementet er merksam på at desse to regelverka regulerer ulike forhold og dels ulike rettssubjekt. Ein samanstilling av desse regelverka gjev likevel etter departementet sitt syn eit betre totaloversyn over dei føresegner som regulerer pristilskota, og gjer det enklare å finne fram i regelverket. Med dette forskriftsutkastet ønskjer departementet å vidareføre gjeldande organisering av regelverket der dei generelle vilkåra om pristilskot er fastsett i forskrift, medan føresegnene om utmåling og nokre detaljføresegner enten er fastsett i jordbruksavtalen eller særskilt fastsett av Landbruksdirektoratet.

Når satsane for tilskota vert endra, er det viktig å ha eintydige føresegner som fastset kva for leveransar i varetraumen som skal ha ny sats. Det vert difor føreslått som noko nytt å forskriftsfeste kva tidspunkt som skal leggjast til grunn ved utmåling av pristilskot (skjeringstidspunkt). Hensikta med denne regelfestinga er å klargjere berekningsgrunnlaget for pristilskot, særleg i tilfelle der utmålinga skjer ei tid etter at vara er levert. Sidan det utmålst mange ulike pristilskot har det synt seg vanskeleg å fastsetje eitt sams skjeringstidspunkt for alle ordningane. Difor vert det føreslått å forskriftsfeste skjeringstidspunktet for utmåling av tilskot i føresegnene for dei einskilde pristilskota. Departementet tek sikte på å innarbeide desse skjeringstidspunkta også i anna relevant regelverk, som til dømes forskrift 20. desember

2012 nr. 1417 om forskningsavgift på landbruksprodukter og forskrift 29. juni 1999 nr. 763 om omsetningsavgift på jordbruksvarer, og om overproduksjonsavgift på mjølk.

Til sist vert det som noko nytt føreslått å forskriftsfeste føresegner om når ein vare skal rek-nast som kassert, og såleis ikkje gjev grunnlag for pristilskot.

2. Føremål og verkeområde

Gjeldande rett

I pristilskotforskrifta § 1 og formidlingsforskrifta § 1 er det fastsett føresegner om føremålet til forskriftene. Definisjonane av sentrale omgrep i forskrifta fastsett i § 2 andre og tredje ledd, saman med grunnvilkåra for pristilskot. Dei omgrep som er særskilt definerte i pristilskotfor-skrifta § 2 er «produsent» og «omsetningsledd». Vidare er «produsent» i formidlingsforskrifta § 3 definert som «foretak som kjøper egg, slakt, mjølk, ull, skinn, korn og andre vekster om-fattet av kap. 6.7 i jordbruksavtalen fra produsent for vidare bearbeiding eller salg». Etter for-midlingsforskrifta er omsetningsledd definert som «foretak som kjøper egg, slakt, mjølk, ull og korn fra produsent for vidare bearbeiding eller salg, samt foretak som tilvirker mel og andre cerealprodukter eller kraftfor.»

Forskriftsframlegget

Sidan departementet føreslår å slå saman pristilskotforskrifta og formidlingsforskrifta, vert det også føreslått å slå saman føremålsføresegnene i desse forskriftene, sjå forskriftsframlegget § 1. Den nye føremålsføresegna skal såleis gjelde for både pristilskot og formidling av pris-tilskot. Føremålsføresegna er difor gjort noko meir overordna og generell. Dei meir detaljerte føremåla som dei ulike pristilskotsordningane skal ivareta vil kunne variere, og vil vere gjen-stand for forhandling i samband med dei årlege jordbruksforhandlingane. Departementet føreslår difor å regelfeste at føremålet med forskrifta er å medverke til å fremja dei til ei kvar tid gjeldande målsetningar som Stortinget fastset for jordbruket. På denne måten kjem det klarare fram at forskrifta gjennom å etablere klare og føreseielege føresegner for tilskotsfor-valting, skal tene som verktøy for å kunne realisere dei målsetjingar som gjeld for ordninga med pristilskot. Vidare er det ein ålmenn føresetnad for tilskotsforvalting at den skal skje på ein måte som tek vare på omsynet til god forvalting, og som samstundes oppfyller krav til kostnadseffektivitet. Det vert difor føreslått å regelfeste at pristilskotforskrifta skal tryggje at berekning og utbetaling av pristilskot skjer på ein forsvarleg og kostnadseffektiv måte.

Departementet har ikkje sett det naudsynt å vidareføre føresegner om definisjonar i forskrifts-utkastet. Når det gjeld omgrepet «produsent» har det ikkje sjølvstendig rettsleg betyding, då føresegnene om kva varer som gjev grunnlag for pristilskot er særskilt regulert i forskrift og jordbruksavtale. Vidare har ikkje dette omgrepet ei anna tyding i forskrifta enn det som følgjer av ei naturleg språkleg forståing av ordlyden. Når det gjeld omgrepet «omsetningsledd» i gjel-dande pristilskotforskrift og formidlingsforskrift, er heller ikkje denne definisjonen ført vidare. Bakgrunnen for denne endringa er at omgrepet omsetningsledd ikkje brukast i ny forskrift. Departementet føreslår å tydeleggjere at føretak som skal formidle pristilskot må vere god-kjent av Landbruksdirektoratet. Slik godkjenning kan gjevast om føretaket kjøper varer som nemnt i jordbruksavtalen sitt kapittel om pristilskot frå produsent for vidare tilverking eller sal.

Departementet føreslår å forskriftsfeste det saklege verkeområdet til forskrifta, slik at det presiserast at den gjeld for tildeling og utmåling av pristilskot etter jordbruksavtalen, sjå forskriftsutkastet § 2. Bakgrunnen for dette framlegget er å klargjere samanhengen i regelverket, slik at det kjem klart fram at forskrifta ikkje gjev noko sjølvstendig rettsleg grunnlag for tildeling av pristilskot. Denne forskriftsfestinga vil også gjere det enklare å finne fram i regelverket, då det kjem klart fram at ein må sjå forskrifta i samanheng med jordbruksavtalen for å finne fram til kva som er gjeldande rett for pristilskot.

Av same grunn er ikkje føresegnene i gjeldande pristilskotforskrift § 2 siste ledd om kva einingar som pristilskotet skal bereknast ut frå, ført vidare i forskriftsutkastet. I jordbruksavtalen er det fastsett kva som skal vere berekningsgrunnlaget for utmåling av pristilskot.

3. Tildeling av pristilskot

3.1 Innleiing

I kapittel 2 i utkastet til ny forskrift vert det føreslått å samle dei føresegner som er knytt til berekning av pristilskot etter pristilskotforskrifta. Etter gjeldande rett er det, med nokre få unntak, ein føresetnad for utbetaling av pristilskot knytt til at vara må vere "*omsatt*". Etter lov 19. juni 2009 nr. 58 om merverdiavgift (meirverdiavgiftslova) § 1-3 nr. 1 bokstav a er omsetning definert som «levering av varer og tjenester mot vederlag». Denne definisjonen samsvarar også med ein naturleg språkleg forståing av omgrepet. Meirverdiavgiftslova er ei sentral lov på området for berekning av avgifter, og omsynet til harmoni i regelverket tilseier at tilsvarende forståing bør leggest til grunn i tilgrensande regelverk. Departementet legg difor til grunn at omgrepet "omsett" i forskriftsutkastet skal ha tilsvarende innhald som etter meirverdiavgiftslova.

Departementet føreslår som nemnt å forskriftsfeste skjeringstidspunkt for berekning av pristilskot under dei einskilde føresegnene. Ved utforming av skjeringstidspunkta har departementet lagt vesentleg vekt på omsynet til ein kostnadseffektiv forvaltning, og så langt som råd lagt til grunn tidspunkt som enkelt kan dokumenterast og som ikkje inneber større omlegging i høve til gjeldande ordning. Vidare føreslår departementet å endre rekkefølga på dei ulike pristilskota i forskrifta, slik at dei i hovudsak samsvarar med opplistinga i jordbruksavtalen kapittel 6.

3.2 Grunnvilkåra for pristilskot

Gjeldande rett

Etter gjeldande pristilskotforskrift § 2 første ledd er det sett som vilkår for tildeling av pristilskot at produsent og omsetnadsledd må drive produksjon, foredling og transport i samsvar med regelverket for jordbruksverksemd og handtering av jordbruksvarer. Tilskotsforvaltninga skal mellom anna medverke til å fremje politiske målsettingar knytt til jordbruksverksemd. Stortinget si målsetting for jordbruket inneber mellom anna at det skal verne om omsyn som mattryggleik, dyrevelferd og fastsette miljøkrav ved produksjon, foredling og transport av mat. Føresetnaden for tildeling av tilskot etter pristilskotforskrifta er såleis at mottakar oppfyller dei ålmenne krava til jordbruksverksemda.

Vidare er det sett krav til at produsent eller omsetnadsledd må ha naudsynte løyver innanfor den type verksemd som føretaket driv. Dette vilkåret vil delvis samanfalle med kravet til at produksjonen, foredlinga og transport må skje i samsvar med det ålmenne regelverket, men har sjølvstendig betydning der produsenten eller omsetnadsleddet driv i samsvar med dei materielle krava til den aktuelle verksemd, men ikkje oppfyller formelle krav til løyver. Kravet til naudsynte løyver vil i hovudsak vere aktuelt for føretak som driv foredling av kjøt eller mjølk, der det i medhald av matlova er fastsett særskilte føresegner for godkjenning og registrering. Vilkaåret er likevel ikkje knytt til særskilte vareslag, og gjeld såleis for alle relevante pristilskot.

Forskriftsframlegget

Departementet føreslår endringar i grunnvilkåra for pristilskot, sjå forskriftsutkastet § 3. Vilkaåra i gjeldande forskrift om at verksemda må drive produksjon, foredling og transport i samsvar med regelverket for jordbruksverksemd og handtering av jordbruksvarer er ikkje ført vidare. Her som elles meiner departementet at brot på ålmenne føresegner for produksjon, foredling og transport i størst mogeleg grad bør sanksjonerast i medhald av dei rettsgrunnlag som etablerer dei nemnte plikter og krav, og ikkje i medhald av tilskotsordningar som har som hovudføre mål å betre dei økonomiske rammevilkåra for produsentar av jordbruksvarer.

Departementet syner her også til at det i relevant særlovgeving som regel er fastsett utfyllande føresegner om tilsyn og reaksjonar, som gjev tilstrekkeleg med grunnlag til å kunne sanksjonere brot på dei relevante føresegnene. Eit døme på slikt regelverk er lov 19. juni 2009 nr. 97 om dyrevelferd (dyrevelferdslova), der ein etter §§ 34 og 35 til dømes kan gje lovbrotsgebyr (overtredelsesgebyr) ved brot på føresegner gjeve i, eller i medhald av lova, og tvangsmulkt for den som ikkje følgjer opp vedtak innan ein fastsett frist.

Som ein følgje av at grunnvilkåret om lovleg drift takast bort, føreslår departementet også å ta bort føresegnene om avkorting av tilskot grunna brot på dei ålmenne føresegnene. Det synast her til omtalen av utkastet til § 13 under kap. 5.5. Det kan likevel oppstå tilfelle der forvaltinga avdekkar feil eller forsømingar som har direkte tilknytning til jordbruksverksemda, som ikkje i tilstrekkeleg grad vert fanga opp av reaksjonar fastsett i særlovgevinga. Eit spørsmål er då om det skal gjevast pristilskot til verksemdar som har brote regelverket på ein slik måte. Høyringsutkastet vidarefører gjeldande ordning med å forskriftsfesta at "*det kan*" gjevast pristilskot til dei verksemdar som er nemnt i forskrifta. Den einskilte har såleis ikkje eit rettskrav på tilskot, sjølv om vilkaåra for tildeling er oppfylt, slik tilfelle er ved mange trygdeytningar eller andre ordningar, som ikkje gjev forvaltinga noko skjønns når dei først reknar vilkaåra for tildeling som oppfylte.

Den klare hovudregel er at jordbruksføretak som oppfyller vilkaåra for pristilskot skal tildelast pristilskot i samsvar med dei satsar og berekningsgrunnlag som er fastsett i regelverket. Forvaltinga har likevel ein skjønnsmargin til å heilt eller delvis kunne nekte utbetaling av pristilskot når det ligg føre saklege grunnar for dette, og når eit slikt tiltak må reknast som høvande. Kravet til sakleg samanheng føreset at eit vedtak om heilt eller delvis nekt av pristilskot må grunnast i forhold som har ein tilstrekkeleg nær samanheng med dei føremål

som pristilskotet skal fremje, slik dei er skildra i jordbruksavtalen og vedtak frå Stortinget om løyvingar i medhald av denne.

Når det gjeld føresegna om at det ikkje gjevast pristilskot for varer som vert kassert, ser departementet det som tenleg å gjere nokre presiseringar. Omgrepet «kassasjon» kan ha eit uklart innhald, då ein vare i ein del tilfelle kan omsetjast til andre føremål, sjølv om den ikkje oppfyller kvalitetskrava til den bruk vara var tiltenkt. Departementet føreslår difor å forskriftsfeste føresegner om kassasjon for dei einskilde pristilskota. På denne måten kjem det klarare fram at føresegnene om kassasjon ikkje gjeld for frakttilskot, samt at det vert presisert at dei berre skal gjelde for varer av slik kvalitet at dei ikkje er eigna for omsetnad, typisk varer som ikkje kan brukast som menneskjeføde.

3.3 Pristilskot for mjølk

Gjeldande rett

Etter pristilskotforskrifta § 5 kan det gjevast grunntilskot til produsent av geitemjølk, samt distriktstilskot til produsent av ku- og geitemjølk. Ein føresetnad for å kunne gje pristilskot for mjølk er at den er produsert innanfor kvote eller mellombels leveringsrett, som er fastsett i medhald av forskrift 23. desember 2011 nr. 1502 om kvoteordningen for melk. Det kan gjevast pristilskot for mjølk som er levert til meieriselskap og for mjølk som er omsett som foredla produkt frå lokalforedlingsføretak. Ved levering til meieri, vert pristilskotet formidla av meieriet. For mjølk som vert nytta til lokal foredling, vert pristilskotet utbetalt etter at lokalforedlingsføretaket har rapportert omsett mengde foredla mjølkeprodukt til Landbruksdirektoratet. Ut frå denne rapporteringa bereknar direktoratet mengda nytta mjølk på grunnlag av omrekningsfaktorar.

Etter gjeldande praksis vert pristilskotet utmåla på grunnlag av den satsen som gjaldt då mjølka vart henta hos produsent. Ved lokal foredling vert tilskotet utmåla etter den satsen som gjaldt då det foredla mjølkeproduktet vart levert til kjøpar.

Forskriftsframlegget

I forskriftsutkastet § 4 vidareførast heimlane til å kunne gje grunntilskot til produsent av geitemjølk, samt distriktstilskot til produsent av ku- og geitemjølk utan materielle endringar.

Det vert føreslått å forskriftsfesta eit skjeringstidspunkt for utmåling av pristilskot for mjølk. Dette skjeringstidspunktet er føreslått å vere då mjølka vart henta av meieriselskapet. For mjølk som nyttast i lokal foredling setjast skjeringstidspunktet til då det foredla mjølkeproduktet vart levert frå foredlingsføretaket til kunden. Desse skjeringstidspunkta er i hovudsak dei som vert praktisert etter gjeldande regelverk. Framlegget er såleis å rekne som ei kodifisering av gjeldande praksis.

3.4 Pristilskot for kjøt

Gjeldande rett

Etter gjeldande pristilskotforskrift § 4 første, andre, fjerde, femte og sjette ledd kan det gjevast grunntilskot og distriktstilskot for ulike typar slakt; kvalitetstilskot for storfeslakt, tilskot for

lamme- og kjeslakt samt tilskot for frakt av slaktedy. Eit vilkår for tilskot er at slaktet må vere omsett. Når det gjeld når ein vare skal reknast som omsett, synast det til omtalen ovanfor i punkt 3.1. Det gjevast berre grunnstilskot, distriktstilskot og kvalitetstilskota for slakt som produsenten leverer til godkjente slakteri.

Frakttilskot kan etter § 4 fjerde ledd gjevast til slakteri for transport av slaktedy av storfe, gris, sau og geit frå produsent til næraste aktuelle slakteri. Det kan i tillegg gjevast frakttilskot til mobile slakteri for slaktedy av storfe, gris, sau og geit. Til sist er Landbruksdirektoratet gjeve fullmakt til å gje særskilte føresegner om frakttilskot til slakteri med slaktevolum mindre enn 1 500 tonn per år. Føresegnene om frakttilskot er nærare presisert i jordbruksavtalen kapittel 6, der det mellom anna går fram at frakttilskot til transport kan utbetalast til føretak som administrerer innfrakten av slaktedyra og som avrekner produsenten for slaktet. Satsane for tilskot er fastsett i Landbruksdirektoratet si forskrift om satser for tilskudd til frakt av slaktedy.

I § 4 tredje ledd er det fastsett at også momsfri retur og leigeslakt reknast som omsett etter pristilskotforskrifta. Etter ordlyden er det ikkje sett krav til at leigeslakt må seljast for at det skal kunne gje grunnlag for tilskot. Det er ikkje forskriftsfesta noko skjeringstidspunkt for kva sats som skal leggjast til grunn for berekning av pristilskotet. Etter gjeldande praksis er likevel skjeringstidspunktet sett til slaktetidspunktet, medan det for frakttilskotet er satt til då dyra vert levert til slakterianlegget.

Forskriftsframlegget

I forskriftsutkastet § 5 vidareførast føresegnene om grunn-, distrikts-, frakt- og kvalitetstilskot for slakt med nokre endringar. Regelen om at leigeslakta vare reknast som omsett er også føreslått vidareført, men inneheld ei presisering i forhold til gjeldande føresegn. Departementet meiner at det ikkje er nokon prinsipiell skilnad mellom slakt som omsetjast av eit omsetnadsledd og slakt som produsenten tek attende i retur frå slakteriet, typisk for å nytte slaktet til seinare omsetjing av foredla vare til sluttbrukar. Departementet føreslår difor å presisere at det også kan gjevast pristilskot for slakt som produsenten tek i retur frå slakteri for eigen omsetnad eller forbruk. Også kjøt frå leigeslaktning kan reknast som vare som vert teken i retur. I forskriftsframlegget vert difor omgrepet "retur" bruka også om vare som vert leigeslakta. Produsenten må ved eventuell kontroll kunne leggje fram dokumentasjon på at slaktet er omsett eller kunne sannsynleggjere at det er teke attende til eige bruk.

I § 5 siste ledd er det vidare som noko nytt fastsett at skjeringstidspunktet for utmåling av grunn-, distrikts- og kvalitetstilskot setjast til når slaktet vart klassifisert. Dette tidspunktet er etter departementet sitt syn det første mogelege tidspunkt, som kan gje tilstrekkeleg dokumentasjon for at slaktet er egna til vidaresal. Tidspunktet for klassifisering vil i hovudsak samanfalle med slaktetidspunktet. Denne forskriftsfestinga vil såleis vidareføre gjeldande praksis knytt til berekning av satsen for pristilskot for slakt. Vidare er det i forskriftsutkastet § 5 fjerde ledd gjeve føresegner om at det berre gjevast pristilskot for varer som oppfyller kvalitetskrava til bruk som menneskjeføde.

Sidan storleiken på distriktstilskotet vil variere ut frå den geografiske plasseringa av drifts-senteret, er det i jordbruksavtalen gjeve føresegner om karenstid for gris, små- og storfe

dersom produsenten har motteke nemnte dyr frå eit føretak med driftssenter som er plassert i område med lågare tilskotssats. Karenstida inneber at om eit føretak har motteke nemnte dyr frå eit føretak med driftssenter som ligg i ein sone med ein lågare tilskotssats, skal den lågare tilskotssatsen leggest til grunn også for det føretaket som har motteke dyra, med mindre føretaket har disponert og fôra opp dyra i ein nærare fastsett periode.

For frakttilskotet føreslår departementet å kodifisere gjeldande praksis når det gjeld skjeringsstidspunkt; det vil seie når dyra vert levert på slakterianlegget. Til forskjell frå dei andre pristilskota for kjøt, er det ikkje tenleg å nytte slaktetidspunktet for innfrakta, sidan det kan gå noko tid mellom dyra kjem til anlegget og slaktetidspunktet. Det ligg også ein skilnad i at ein for frakttilskotet tel slaktedyra, mens dei fleste¹ av pristilskota for kjøt tek utgangspunkt i tal kg slakt.

3.5 Pristilskot for egg

Gjeldande rett

Etter gjeldande pristilskotforskrift § 3 første ledd kan det gjevast distriktstilskot for konsumegg som er «omsatt». Omsetnaden kan enten skje ved at produsent leverer egg til eit eggpakkeri for pakking og vidareasal, eller ved direktesal til kunde. Ved sal til eggpakkeri utbetalast distriktstilskotet frå eggpakkeriet som tilskotsformidlar, medan Landbruksdirektoratet utbetalar distriktstilskot etter søknad frå produsent ved direktesal. Etter jordbruksavtalen vert det gjeve distriktstilskot for konsumegg der produksjonen er lokalisert i Møre og Romsdal, Vestland, Nordland, Troms og Finnmark.

Etter pristilskotforskrifta § 3 andre ledd kan det i dag gjevast frakttilskot til eggpakkeri som hentar minst 500 000 kg egg per år frå produsent utanom eiga verksemd, og som formidlar eventuelle jordbruksavtalefastsette pristilskot saman med betaling for egg. Det gjevast frakttilskot i alle fylker og dei nærare satsane for frakttilskot er fastsett i jordbruksavtalen kapittel 6.

Skjeringsstidspunktet for berekning av satsen for pristilskota er ikkje fastsett i gjeldande forskrift. Etter det som er opplyst frå Landbruksdirektoratet vert distrikts- og frakttilskotet berekna på grunnlag av den sats som gjaldt då egg vart levert til eggpakkeriet. For direktesal er utmålingstidspunktet tilsvarande sett til då egg vart levert til kjøpar.

Forskriftsframlegget

I § 6 vidareførast gjeldande føresegner om distrikts- og frakttilskot for egg i ein noko forenkla form. Det vert presisert at ordninga berre gjeld for konsumegg og ikkje for rugeegg, slik det er fastsett i jordbruksavtalen kapittel 6. Vidare forskriftsfestast gjeldande praksis om at det berre gjevast pristilskot for egg som oppfyller kvalitetskrava for menneskjeføde.

I § 6 andre ledd vert gjeldande føresegner om frakttilskot for levering til eggpakkeri vidareført med nokre endringar. Det vert presisert at det er tilstrekkeleg at eggpakkeriet administrerer transporten av minst 500 000 kg egg utanom eiga verksemd. At eggpakkeriet «administrer-

¹ Eitt av dei fire tilskota, tilskotet for lammeslakt og kjeslakt, utbetalast per slakta dyr.

rer» transporten betyr at eit pakkeri som set bort transporten til ein ekstern part, vil kunne få frakttilskot under føresetnad av at det er eggpakkeriet som dekker kostnaden, og som avrekner eggja til produsent. Ordlyden vert med dette harmonisert med den som gjeld ved transport av slaktedyr. Forslaget inneber at det ikkje lenger vert stilla noko krav om at eggpakkeriet også opptre som tilskotsformidlar. Departementet peikar på at ein ikkje har noko slikt krav når det gjeld frakttilskot for andre jordbruksvarer, og at det i dag ikkje er forhold som tilseier at behovet for dette er større i eggsektoren.

I § 6 andre ledd vert det forskriftsfesta skjeringstidspunkt for utmåling av pristilskot for egg. Når det gjeld distriktstilskotet for konsumegg som leverast til eggpakkeri, føreslår departementet å setje tidspunktet til då eggja vart kvalitetsvurdert på eggpakkeriet. Bakgrunnen for å tilrå ei slik løysing er at tidspunktet for kvalitetsvurderinga er det tidlegast tidspunktet der ein har notoritet kring type og kvantum egg som vert levert. Når produsenten leverer konsumegg til andre enn eggpakkeri, setjast utmålingstidspunktet til det tidspunktet eggja vart levert til kjøpar. Dette tidspunktet vil hovudsakleg markere risikoovergangen frå seljar til kjøpar, og vil vere eit tidspunkt som er enkelt å tidfeste.

Kvalitetsvurderinga skjer først etter at innfrakten av eggja er gjennomført. For frakttilskotet føreslår departementet difor å setje skjeringstidspunktet til då eggja vart levert på eggpakkeriet.

3.6 Pristilskot for ull og skinn

Gjeldande rett

Etter gjeldande forskrift om pristilskot § 6 kan det gjevast pristilskot for norsk ull omsett gjennom ullstasjon og for skinn av norsk sau (villsauskinn, pelsskinn og ulne skinn) som vert omsett gjennom slakteri. I tillegg til at ulla og skinna må være omsett gjennom ullstasjon eller slakteri, er det ein føresetnad at dei blir kvalitetsvurdert og klassifisert slik at ein kan berekne pristilskotet produsenten har krav på. I jordbruksavtala kapittel 6 er det fastsett kva kvalitetsklassar av ull og skinn som gjev grunnlag for pristilskot. Dette betyr at tilskotsgrunnlaget først vert avklara når ulla og skinna vert klassifisert. At klassifiseringa reknast som skjeringstidspunktet for berekning av pristilskot følgjer av praksis, men går ikkje fram av dagens regelverk.

Omgrepet «ullstasjon» er ikkje nærare presisert, men etter gjeldande § 2 tredje ledd er dette eit føretak som mottek ull for vidare bearbeiding eller omsetnad. Det er likevel inga formelle krav til kva ein ullstasjon er og korleis drifta skal innrettast, slik tilfellet til dømes er for slakteri som er underlagt ei rekke regelverk av omsyn til mathygiene og dyrevelferd. Derimot følgjer det av forskrift om formidling av pristilskot § 4 at føretaket må oppfylle visse grunnvilkår for, å kunne *formidle* pristilskot på vegne av Landbruksdirektoratet. Føretaket må etter gjeldande formidlingsforskrift § 4 blant anna ha eit produksjonsapparat som er «egnet til mottak, foredling og distribusjon samt øvrig håndtering» av dei jordbruksråvarene det kan gjevast tilskot for. I rundskriv 2021/37 («Pristilskudd for ull og skinn»), gjev Landbruksdirektoratet meir informasjon om kva som ligg i dette kravet. Til dømes ha ein godkjent klassifisør for ull, og kunne halde dei ulike ullklassene som gjev grunnlag for tilskot åtskilt frå kvarandre på lageret. Dersom ein produsent omset ull til ein ullstasjon som ikkje oppfyller grunnvilkåra for å

kunne formidle pristilskot, må produsenten kontakte Landbruksdirektoratet direkte for utbetaling av tilskotet. Dette føreset at produsenten kan leggje fram naudsynt dokumentasjon på at ulla er klassifisert av godkjent klassifisør og at ulla er omsett.

Forskriftsframlegget

I § 7 vidareførast gjeldande føresegner om pristilskot for ull og skinn. For å tydeleggjere reguleringa, føreslår departementet å forskriftsfeste gjeldande praksis om at skjeringstidspunktet for pristilskot setjast til tidspunktet då ulla eller skinnen vart kvalitetsgradert gjennom ei klassifisering av desse råvarene. Saman med mengda ull og skinn som vert levert, er det klassifiseringa som avgjer kor mykje tilskot sauebøndene får utbetalt. Av di tilskotet berre vert gjeve for kvalitetar det er fastsett tilskotssatsar for, er det ikkje naudsynt å omtale i forskrifta kva for ullkvalitetar som ikkje gjev grunnlag for tilskot.

I gjeldande forskrift om pristilskot for ull og skinn er det presisert at tilskotet berre gjevast for *norsk* ull og skinn av *norsk* sau. Omgrepet «norsk» vert føreslått tatt ut av den nye forskrifta. Av di det allereie går fram av jordbruksavtala at tilskota berre gjeld norske jordbruksprodukt med mindre noko anna er særskilt fastsett. Det er difor ikkje naudsynt å vidareføre dette vilkåret i form av ei eiga forskriftsføresegn. Forslaga til føresegner for ull og skinn inneber etter dette ikkje noka reell endring av ordninga.

3.7 Pristilskot for korn, oljevekstar og kraftfôr

Gjeldande rett

Etter gjeldande pristilskotforskrift § 7 første ledd kan det gjevast prisnedskrivningstilskot til føretak som kjøper norskprodusert korn og andre vekstar som er omfatta av kapittel 6 i jordbruksavtalen frå produsent (kornkjøpar), og som vidaresel vara eller brukar ho i kommersiell matmjøl- eller kraftfôrindustri, med unntak av framstilling av fiskefôr. Etter andre ledd kan det gjevast matkornstilskot til føretak som brukar norskprodusert korn i tilverking av mjøl eller andre cerealprodukt som brukast til mat. Som ei midlertidig ordning vert det også gjeve tilskot til føretak som importerer karbohydratråvarer til kraftfôr, jf. jordbruksavtalen kapittel 6.8, eller som brukar innanlandsk foredla karbohydratråvarer som omfattast av forskrift 22. desember 2005 nr. 1723 om administrative tollnedsettelsar for landbruksvarer § 22 annet ledd. Etter tredje ledd kan det gjevast frakttilskot til kornprodusent eller kornkjøpar for transport av korn, durra, mais, kli og soya, og til husdyrprodusent for transport av kraftfôr.

Føresegnene om utmåling av tilskot er fastsett i jordbruksavtalen kapittel 6. Utmålinga av prisnedskrivings- og matkornstilskotet skal fastsetjast på grunnlag av kvantum med eit nærare innhald av vatn, noko som føreset at det gjerast ein kvalitetsanalyse av veksten i samband med levering til føretaket. I pristilskotforskrifta § 7 fjerde ledd er det vidare fastsett at det ikkje kan gjevast prisnedskrivningstilskot eller matkornstilskot om varene eksporterast.

Forskriftsframlegget

I forskriftsutkastet § 8 første til tredje ledd vidareførast føresegnene i pristilskotforskrifta om at det kan gjevast prisnedskrivningstilskot, matkornstilskot og frakttilskot utan materielle endringar. Med omgrepet «kommersiell» i § 8 første ledd meinast – som i dag – at kornet eller veksten må omsetjast på den opne marknaden, anten som råvare eller som foredla produkt.

Dette betyr at det ikkje gjevast prisnedskrivingsstilskot til varer som enten vert kjøpt til eige bruk eller vert omsett internt i føretaket.

I § 8 fjerde ledd forskriftsfestast føresegner om at det ikkje gjevast pristilskot for varer som ikkje oppfyller kvalitetskrava for omsetnad. Det presiserast at kravet til omsetnad ikkje naudsynleg må vere den bruken som vara opphavleg var tiltenkt. Om til dømes eit føretak kjøper korn med sikte på å skulle bruke det til matmjøl, men seinare vert merksam på at vara berre kan brukast som kraftfôrråvare, vil framleis krava til prisnedskrivingsstilskot vere oppfylte, så framt kornet eller veksten enten seljast eller brukast som kraftfôrråvare. Det er òg eit vilkår at varen vert bruka i den norske marknaden. Dette er ei vidareføring av gjeldande krav om at det ikkje gjevast pristilskot for varer som eksporterast.

I § 8 femte ledd fastsetjast skjeringstidspunkta for utmåling av tilskot. På grunn at tilskota sin art må skjeringstidspunktet setjast særskilt for dei ulike tilskota. For prisnedskrivingsstilskot setjast skjeringstidspunktet til då vara vart levert til kjøpar. Dette betyr at skjeringstidspunktet i hovudsak vil samsvare med tidspunktet då det oppstår eit betalingskrav frå seljar til kjøpar.

For såkalla leigelagring av korn vil det kunne vere spørsmål om når vara er levert til kjøpar. Ved fysisk levering av korn til kornkjøpar, takast det normalt prøve av varepartiet for å klarlegge vatn- og proteininnhald, falltal med vidare. Desse prøvene dannar grunnlaget for fastsetjing av prisen. Når leveransen har skjedd, har ein difor den informasjon som er naudsynt for å bestemme prisen på varepartiet. Dette skulle normalt tilseie at vara reknast som levert til kjøpar når kornet er fysisk levert. Ved leigelagring beheld seljar derimot eigedomsretten til det kornet som er levert heilt fram til oppgjerstidspunktet. I slike tilfelle er dermed leveranstidspunktet samanfallande med oppgjerstidspunktet. Skjeringstidspunktet vert då i praksis det tidspunktet eigedomsretten til kornet går over til kjøpar, og er dermed lausrive frå sjølv den fysiske leveransen. Kornet vert med andre ord først «levert til kjøpar» på det tidspunktet oppgjeret finn stad, jf. ordlyden i høyringsutkastet § 8 femte ledd første setning.

Å leggje oppgjerstidspunktet, og ikkje den fysiske leveransen, til grunn ved berekning av tilskotet føreset at det ligge føre eit reelt leigeforhold. I følge Skattedirektoratet si fråsegn av 22. juni 2004² vil moment i vurderinga her mellom anna vere at seljar til ein kvar tid kan hente ut kornet i leigeperioden og selje vara til ein annan kjøpar. Dette føreset at kornet i leigeperioden oppbevarast åtskilt frå kornkjøpar sitt eige korn, slik at seljar kan hente ut korn av same kvalitet som vart levert. Lagerhald inneber normalt kostnader, og om lagringa skjer vederlagsfritt vil ein vanskeleg kunne tale om leige av lagerplass mellom profesjonelle aktørar.

For matkorntilskot setjast skjeringstidspunktet til då vara vart foredla, noko som er ein vidareføring av gjeldande praksis. For dei ulike frakttilskota setjast skjeringstidspunktet til då vara kom fram til mottakar.

Departementet har i utkastet til § 8 valt å ikkje ta inn gjeldande formulering om at prisnedskrivingsstilskot også kan gjevast til føretak som importerer karbohydratråvarar til bruk i produksjon av kraftfôr eller som brukar innanlandsk foredla karbohydratråvarer i slik produksjon.

² Sjå BFU-40/04.

Dette skuldast at opninga for å gje tilskotet til dette føremålet berre er meint å gjelde for jordbruksavtaleåret 2022-2023, jf. Prop. 120 S (2021-2022) kap. 6.4.

4. Formidling av pristilskot

4.1 Innleiing

Ordninga med pristilskot inneber utbetaling av høvesvis store beløp, noko som set særskilte krav til korleis tilskotsmidlane forvaltast. Samstundes er det viktig med effektive ordningar for å trygge likviditeten til produsentar og omsetnadsledd. For å tryggje ein kostnadseffektiv forvaltning av pristilskot, er det fastsett føresegner om at føretak som kjøper kjøtt, egg, slakt, mjølk, ull, skinn og korn frå produsent for vidare tilverking eller sal, samt føretak som tilverkar mjøl eller andre cerealprodukt eller kraftfôr, på nærare vilkår kan formidle statlege pristilskot til produsentar av jordbruksvarer.

Dei sentrale føresegner for forvaltning av tilskot er det administrative økonomireglementet for staten. I økonomireglementet punkt 6.3 er det gjevne nærare krav til forvaltning av tilskot. I medhald av Prop. 1 S kapittel 1150 er det mellom anna gjort nærare greie for tilskotsforvaltninga for gjennomføring av jordbruksavtalen, medrekna forvaltninga av pristilskot.

Ordninga etter gjeldande forskrift om formidling av pristilskot er at Landbruksdirektoratet er ansvarleg mynde for tildeling av pristilskot, men at omsetnadsledd på nærare bestemte vilkår kan formidle desse tilskota. Det vil seie at dei utbetalar tilskotet på vegne av Landbruksdirektoratet. Formidlingsrolla inneber ikkje noka delegering av offentleg mynde til omsetnadsledda. Ordninga med tilskotsformidling tryggjer at primærprodusentar får løpande utbetaling av tilskot i samsvar med leveransane, noko som både medverkar til ein betre likviditetssituasjon for primærprodusentar og til ein effektiv og rasjonell tilskotsforvaltning. Departementet ønskjer difor å vidareføre hovudtrekka i gjeldande ordning med formidling av pristilskot.

Ordninga med formidling av pristilskot er kostnadseffektiv. Samstundes må det setjast visse krav til dei føretak som skal formidle tilskotsmidlane. For å tryggje ei forsvarleg forvaltning må desse krava også gjelde så lenge føretaka har rolla som tilskotsformidlar.

4.2 Gjeldande rett

I gjeldande forskrift om formidling av pristilskot § 4 nr. 1 til 4 fastsetjast grunnvilkåra for formidling av pristilskot. Etter gjeldande ordning skal føretak som vil drive tilskotsformidling leggje fram dokumentasjon for at verksemda oppfyller dei offentlegrettslege krava til næringsverksemda. I formidlingsforskrifta er det likevel ikkje lagt opp til noko utferding av løyve for å kunne tildelast oppgåver som omsetnadsledd. Sidan det skal leggest fram dokumentasjon for at omsetningsleddet oppfyller vilkåra, vil det likevel i realiteten ligge til grunn ei godkjenning frå Landbruksdirektoratet for formidling av pristilskot.

Kravet til naudsynte løyver og registreringar

Etter formidlingsforskrifta § 4 nr. 1 må omsetnadsleddet ha «de tillatelser og registreringar som er nødvendig innanfor den type virksomhet som foretaket utøver.» Dette vilkåret set

ikkje noko sjølvstendig materielt krav til omsetnadsleddet, men inneber at føretaket må oppfylle alle dei krav til næringsverksemda som er fastsett i særlovgevinga. Dette femnar både om ålmenne offentlegrettslege krav til den form for føretak som omsetnadsleddet er organisert etter, samt dei særskilte krav som gjeld for den type næringsverksemd som omsetnadsleddet driv. Vilkårset omfattar både krav til registrering i ulike register og innhenting av naudsynte løyver for å kunne drive næringsverksemda. Døme på slike registreringar og løyver kan vere registrering i Meirverderegisteret etter lov 19. juni 2009 nr. 58 om merverdiavgift (meirverdiavgiftslova) § 2-1 og registrering i Einingsregisteret etter lov 3. juni 1994 nr. 15 om Enhetsregisteret § 4.

Kravet til produksjonsapparat

I tillegg til krava til naudsynte løyver og godkjenningar er det sett krav til at omsetnadsleddet må ha eit produksjonsapparat som er «egnet til mottak, foredling, og distribusjon, samt øvrig håndtering av de jordbruksvarene det kan gis tilskudd for», jf. formidlingsforskrifta § 4 første ledd nr. 2. Sjølv om eit omsetnadsledd har dei naudsynte løyver og registreringar, treng ikkje desse forholda å vere nokon garanti for at verksemda har eit apparat for å ta imot høvesvis store mengder råvarer frå primærprodusentar. Bakgrunnen for dette vilkåret er å tryggje at omsetnadsleddet har produksjonsfasilitetar som gjer at dei kan handtere dei råvarene som produsentane leverer på ein forsvarleg måte.

Kravet til synleggjering av tilskotet mv.

I formidlingsforskrifta § 4 første ledd nr. 3 er det sett som vilkår for formidling av pristilskot at omsetnadsleddet må «tydelig synleggjøre tilskuddsrelaterte forhold i avregningen til produsent». Ein utbetaling av tilskot etter formidlingsforskrifta, er å rekne som eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 bokstav b, men slik at det er Landbruksdirektoratet som tilskotsforvaltar som i prinsippet gjer vedtaket, medan omsetnadsleddet formidlar vedtaket om tildeling av pristilskot gjennom utbetaling til tilskotsmottakar. Eit enkeltvedtak skal som hovudregel vere skriftleg og grunngjeve, jf. forvaltningslova §§ 23 og 24. For at eit vedtak om pristilskot skal kunne oppfylle desse formkrava, må det saman med utbetalinga følgje med tilstrekkeleg dokumentasjon for utbetalinga, medrekna utrekning av kor mykje tilskot mottakar har krav på som følgje av leveransen.

Kravet til rapportering

I formidlingsforskrifta § 4 første ledd nr. 4 er det krav om at omsetnadsleddet må «gi nødvendige leveransedata i den form som kreves innenfor de rapporteringssystemer som Landbruksdirektoratet benytter». Landbruksdirektoratet skal som nemnt ovanfor forvalte pristilskota. For at dei skal kunne forvalte tilskota på ein forsvarleg måte, treng dei opplysingar frå omsetnadsledda som forvaltar ordninga, slik at direktoratet kan føre naudsynt kontroll med at utbetalingane av tilskot skjer i samsvar med regelverket. Som ein del av tilskotsforvaltinga, har direktoratet etablert fagsystem for dei ulike produktkategoriane, som omsetnadsledda med rett til å formidle pristilskot skal rapportere gjennom.

Kravet til utbetalingsrutinar

I formidlingsforskrifta § 5 er Landbruksdirektoratet gjeve mynde til å fastsette retningslinjer om rapportering og søknad om refusjon av pristilskot som omsetnadsleddet har ubetalt til tilskotsmottakaren. Landbruksdirektoratet har etablert fagsystem for innrapportering, kontroll

og utbetaling av tilskot. Denne ordninga inneber at tilskotsformidlar legg inn relevante data om leveransar frå produsentar i systemet, der det skjer ein berekning av tilskotet på grunnlag av dei innregistrerte opplysingane. Tilskotsformidlar betalar så ut tilskotet til produsenten på vegne av Landbruksdirektoratet.

4.3 Nærare om forskriftsframlegget

Departementet føreslår i hovudsak å vidareføre vilkåra for å kunne formidle pristilskot, men i ein noko forenkla form. Dei materielle vilkåra som er satt for at omsetnadsledd skal kunne opptre som formidlarar av pristilskot, føreset at Landbruksdirektoratet fører kontroll med om vilkåra er oppfylte. Departementet føreslår difor å presisere at ein rett til å formidle pristilskot føreset at føretaket er godkjent av Landbruksdirektoratet, sjå forskriftsutkastet § 9. Føremålet med denne endringa er å presisere at berre føretak som oppfyller dei materielle vilkåra kan opptre som tilskotsformidlarar. Departementet gjer merksam på at føresegna legg opp til at eit «kan-skjøn», noko som inneber at direktoratet i særlege tilfelle har mynde til å la vere å godkjenne eit føretak som tilskotsformidlar sjølv om vilkåra i § 9 isolert sett er oppfylte, t.d. dersom føretaket har gjort seg skuldig i økonomiske lovbrøt som gjer at føretaket ikkje har ein slik tillit som er naudsynt for å kunne formidle tilskot.

I forskriftsframlegget leggjast det til Landbruksdirektoratet å fastsetje rutinar for godkjenning av føretak som skal opptre som tilskotsformidlarar, jf. forskriftsutkastet §15. Det presiserast at den føreslegne tydeleggjinga berre er meint å gjelde for godkjenning av nye tilskotsformidlarar. Føretak som formidlar pristilskot etter gjeldande regelverk kan formidle pristilskot etter ny forskrift utan særskilt godkjenning, jf. forslaget til overgangsføresegner i høyringsutkastet § 17.

Etter forskriftsutkastet § 9 første ledd nr. 1 krevst det at føretak som ynskjer å formidle tilskot kjøper jordbruksvarer frå produsent for vidare tilverking eller sal. Innholdsmessig inneber dette i realiteten berre ei vidareføring av omsetnadsleddsdefinisjonen i dagens formidlingsforskrift § 3.

Etter forskriftsutkastet § 9 første ledd nr. 2 krevst det at føretak som ønskjer å formidle tilskot nyttar eit eigna system for gjennomføring av tilskotsutbetalinga og for dokumentasjon av tilskotsformidlinga ved avrekning til produsent. Innholdsmessig er dette ei vidareføring av gjeldande § 4 første ledd nr. 3 og 4, og skal ivareta føremålet om å tryggje transaksjonane av til dels monalege tilskotsbeløp. Føresegna om eit eigna system for gjennomføring av tilskotsutbetaling gjeld både for utbetaling mellom Landbruksdirektoratet og tilskotsformidlar, og mellom tilskotsformidlar og tilskotsmottakar. Tilskotsformidlinga ved avrekning til produsent, til dømes grunnlaget for tilskotets berekning, skal dokumenterast. Landbruksdirektoratet vil i medhald av § 15 kunne gje utfyllande forskrift om administrasjon av utbetaling og formidling av pristilskot. Denne føresegna er i hovudsak meint å vidareføre gjeldande forskriftsmynde.

Etter forskriftsutkastet § 9 første ledd nr. 3 krevst det at føretak som formidlar tilskot følgjer dei klassifiseringsstandarar som gjeld for den einskilde råvara. Krav på pristilskot forutset at vara oppfyller ein viss minstestandard. I tillegg vert tilskotet for til dømes kjøt og ull differensiert etter kvalitet. Korleis klassifiseringa for den einskilde vare skal gjerast og krav til god-

kjenning av klassifiser vil variere etter type vare. Tilskotsformidlaren skal syte for at vara vert klassifisert etter dei standardar som gjeld i dei ulike bransjane. Denne føresegna er ei tydeleggjering av dagens praksis.

Departementet meiner derimot det ikkje er naudsynt å vidareføre gjeldande krav om at tilskotsformidlaren må ha løyver og registreringar for den type verksemd som føretaket driv.³ Etter gjeldande forskrift er vilkåret som nemnt knytt til oppfylling av krav fastsett i særlovgjevinga, og til registrering i ulike register. Når det gjeld krav i særlovgivinga, vil dette typisk vere løyve til handtering av næringsmiddel (t.d. godkjenning for å kunne drive slakteri). Sjølv om slike løyver ofte vil vere eit krav for å kunne foredle jordbruksvarer, betyr ikkje dette at kravet er naudsynt for å kunne ivareta sjølve tilskotsformidlinga. Også i dag er det til dømes opna for at omsetnadsledd i kjøtsektoren leiger slaktetenester hjå godkjente slakteri, medan dei sjølve sørgjer for avrekninga til produsent.

Til gjeldande krav om registrering viser departementet til at det i omgrepet «føretak» allereie ligg eit implisitt krav om at verksemda er registrert i Einingsregisteret. Det er òg slik at dersom kjøp, sal og tilverking, jf. § 9 første ledd nr. 1, ikkje går føre seg i lovlege former (t.d. manglande registrering i Meirverdiavgiftsregisteret eller manglande rapportering etter rekneskapslovgjevinga), så vil Landbruksdirektoratet innanfor «kan-skjønnet» kunne nekte å godkjenne føretaket som tilskotsformidlar. I slike høve vil det neppe kunne hevdast at føretaket har eit å «eigna system» for tilskotsutbetalinga og for dokumentasjon av tilskotsformidlinga, jf. utkastet § 9 første ledd nr. 2.

Tilsvarende ser departementet heller ikkje behov for å vidareføre gjeldande krav i formidlingsforskrifta om at føretaket sjølve må «ha et produksjonsapparat som er egnet for mottak, foredling og distribusjon samt øvrig håndtering av de jordbruksvarene det kan gis tilskudd for», jf. gjeldande forskrift § 4 første ledd nr. 2. Tilskotsformidlarane, med unntak av ullstasjonar, mottok råvarer til menneskjeføde og dyrefôr. Produksjonsapparat for handsaming av råvarer som er meint for konsum må følgje Mattilsynet sine krav til mathygiene og dyrevelferd. Å fastsette ei særskild føresegn om at produksjonsapparat skal vere «eigna» samstundes som krava for kva som gjer eit apparat eigna følgjer av anna regelverk, inneber etter departementet si vurdering ei unødig dobbelregulering.

Ullstasjonar omset, i motsetnad til dei andre tilskotsformidlarane, ei vare som korkje nyttast til menneskjeføde eller dyrefôr. Dette inneber at produksjonsapparatet hos ullstasjonane ikkje er regulert på same måte av anna regelverk. Av omsyn til ei god handsaming av råvara, føreslår departementet difor å vidareføre gjeldande krav til eigna produksjonsapparat for verksemdar som tek i mot ull frå produsent, jf. utkastet § 7 tredje ledd. Dette inneber at føretaket skal ha eit produksjonsapparat som er eigna for mottak, foredling og distribusjon samt handtering ut over dette, jf. gjeldande forskrift § 4 første ledd nr. 2. Ut frå omsynet til tilskotsformidlinga er det ikkje naudsynt at tilskotsformidlar sjølv skal foredle råvara, og gjeldande føresegn om dette har ikkje vore praktisert for ullstasjonar som formidlar tilskot. Kravet til foredling tas difor ikkje med i forslag til ny forskrift. Dette inneber ikkje noka materiell endring i regelverket.

³ Jf. formidlingsforskrifta § 4 første ledd nr. 1.

5. Fellesføresegner

5.1 Innleiing

I kapittel 4 har departementet samla dei relevante fellesføresegnene som etter gjeldande rett er fastsett i pristilskotforskrifta og formidlingsforskrifta. Mange av dei føresegnene som er knytt til forvaltning av dei to forskriftene har sams verkeområde, men slik at dei er tilpassa høvesvis fastsetting og utbetaling av pristilskot etter jordbruksavtalen kapittel 6. Som ein følge av at ein ønskjer å samle føresegnene om pristilskot og formidling av pristilskot i ein forskrift, føreslår departementet å samle føresegnene om forvaltning og kontroll i eitt kapittel, som skal femne om dei regelsett som i dag er regulert i to separate forskrifter. Departementet meiner at ei slik regulering samla vil gjere det enklare å få oversyn over gjeldande rett. Det vert også føreslått nokre materielle endringar, som vert omtala nedanfor.

5.2 Opplysningsplikt og kontroll

Gjeldande rett

Pristilskotforskrifta § 10 og formidlingsforskrifta § 6 inneheld føresegner om opplysningsplikt og kontroll for høvesvis mottakarar av pristilskot (i hovudsak jordbruksføretak) og omsetnadsledd som formidlar pristilskot. Føresegnene er i all hovudsak samsvarande i dei to forskriftene. I første ledd gjevast det ein plikt for mottakarar av pristilskot og omsetnadsledd til å på førespurnad gje alle opplysingar som Landbruksdirektoratet finn naudsynt for å kunne forvalte ordninga, eller for å oppfylle jordbruksavtalen og administrere tollvernet. Vidare kan dei påleggast å utarbeide prognosar over forventta mottak av varer som gjev grunnlag for tilskot. I andre ledd i desse føresegnene er Landbruksdirektoratet gjeve mynde til å kunne gje nærare føresegner om krav til dokumentasjon og prognoser.

Etter pristilskotforskrifta § 6 tredje og fjerde ledd og formidlingsforskrifta § 10 tredje ledd kan Landbruksdirektoratet føre kontroll med mottakar av pristilskot og omsetnadsledd som formidlar pristilskot. For å gjennomføre kontroll kan det krevjast tilkomst til all bokføring, korrespondanse og oppteikningar kring pristilskot eller formidling av pristilskot, samt at det er gjeve heimel til stadleg kontroll.

Forskriftsutkastet

Det vert i hovudsak føreslått å vidareføre gjeldande føresegner om opplysningsplikt, men med nokre endringar, sjå utkastet § 11.

Etter jordbruksavtalen er utmåling for nokre av pristilskota avhengig av driftssenteret si geografiske plassering. For å unngå at føretaka skal tilkjennast tilskot ut frå ein høgare sats enn der produksjonen skjer, er det for distriktstilskot kjøpt gjeve føresegner i jordbruksavtalen om at gris og småfe, kalv og storfe skal ha vore disponert og føra fram i den aktuelle geografiske sonen over eit nærare fastsett tidspunkt.

For å styrke kontrollen med forvaltninga av pristilskot føreslår departementet som noko nytt å forskriftsfeste ein plikt for mottakarar av pristilskot til å varsle Landbruksdirektoratet om forhold som heilt eller delvis gjer at vilkåra for pristilskot eller formidling ikkje lenger er oppfylte,

sjå forskriftsutkastet § 11 tredje ledd. Døme på slike forhold vil kunne vere endring av den geografiske plasseringa av driftssenteret eller opphøyr av drift som gjev grunnlag for å kunne formidle pristilskot. Med omgrepet “ugrunna opphald” meinast at varselet skal skje så snart som praktisk råd. Tilskotsmottakar eller -formidlar gjevast likevel ein frist på nokre verkedagar til å kunne områ seg på før slik varsel må sendast.

5.3 Rapportering og utbetaling

Gjeldande rett

Etter pristilskotforskrifta § 9 kan Landbruksdirektoratet fastsette nærare retningslinjer om krav til søknad om tilskot, rapportering og utbetaling for mottakarar av tilskot. Etter formidlingsforskrifta § 5 kan direktoratet også gje nærare retningslinjer om rapportering og søknad om refusjon av pristilskot som omsetnadsleddet har utbetalt til produsent.

Vidare er det i pristilskotforskrifta § 9 andre ledd gjeve ein heimel til å kunne gjere fråtrekk for jordbruks- og næringsmiddelrelaterte avgifter som tilskotsmottakar er ansvarleg for. Eit døme på ein slik avgift er omsetnadsavgift etter forskrift 29. juni 1999 nr. 763 omsetningsavgift på jordbruksvarer, og om overproduksjonsavgift på mjølk.

Forskriftsutkastet

Departementet føreslår å vidareføre heimlane for Landbruksdirektoratet til å kunne gje nærare føresegner om søknad, rapportering og utbetaling av tilskot etter denne forskrifta. Slike føresegner vil ha eit materielt innhald som utløyser plikter for mottakarar av tilskot og omsetnadsledd som formidlar pristilskot. Departementet meiner at slike føresegner må fastsetjast i forskrift, og det vert difor føreslått å gje Landbruksdirektoratet ein forskriftsheimel til å kunne fastsette slike føresegner, sjå utkastet § 15. Heimelen til å kunne avrekne jordbruks- og næringsmiddelrelaterte avgifter ved utbetaling av pristilskot er òg føreslått vidareført utan endringar, sjå utkastet § 12 første ledd.

5.4 Retting av feilutbetalingar og avkorting

Gjeldande rett

Etter pristilskotforskrifta § 11 kan Landbruksdirektoratet rette feil i utbetalt pristilskot ved etterbetaling eller krav om tilbakebetaling av tilskot frå mottakar av pristilskot. Ei tilsvarande føresegn er fastsett i formidlingsforskrifta. Etter formidlingsforskrifta § 7 kan direktoratet rette feil i utbetalt tilskot til formidling, enten ved etterbetaling, motrekning eller ved krav om tilbakebetaling frå omsetnadsleddet. Sidan omsetnadsledd som formidlar pristilskot får utbetala refusjon frå Landbruksdirektoratet, er heimlane for tilbakeføring av midlane noko utvida for desse, slik at feilen kan rettast opp i samband med seinare utbetalingar av refusjon.

I pristilskotforskrifta § 12 er det fastsett føresegner om avkorting av pristilskot. Etter første ledd kan heile eller delar av pristilskotet som går til mottakar avkortast om vedkomande aktlaust eller forsettleg har «gitt feil eller mangelfulle opplysninger i søknad, rapportering eller på annan måte, som har eller ville dannet grunnlag for en urettmessig utbetaling av tilskuddet.»

I føresegna sin andre ledd er det gjeve ein heimel til å halde heile eller delar av tilskotet attende om den ansvarlege mynda fastset at mottakar har drive verksemda si i strid med pristilskotforskrifta eller anna regelverk for jordbruksverksemd og handtering av jordbruksvarer. Ved aktause eller forsettlege brot kan heile eller delar av tilskotet som tilfelle mottakaren avkortast. Denne føresegna gjev såleis heimel til tilbakehald eller avkorting grunna brot på anna regelverk enn pristilskotforskrifta. Døme på slike regelverksbrot kan være brot på dyrevelferdslovgjevinga.

Forskriftsutkastet

Departementet føreslår å vidareføre gjeldande føresegner om retting av feilutbetalingar utan vesentlege materielle endringar, sjå forskriftsutkastet § 12 første og andre ledd. Føresegna famnar både dei som har krav på pristilskot og føretak som formidlar tilskotet til produsentane.

Departementet har òg valt å halde fast ved føresegna om at det kan krevjast renter i tilfelle der tilskotsmottakaren har motteke ei feilutbetaling av tilskot. Tredje ledd har sitt motsvar i reglane om tilbakebetaling i produksjonstilskotsforskrifta § 13 andre ledd. Det alminnelege utgangspunktet er at rentene først byrjar å løpe frå påkravstidspunktet, men dersom mottakaren ikkje har vore tilstrekkeleg aktsam i samband med denne utbetalinga, meiner departementet at det ikkje vil vere urimeleg at det svarast renter allereie frå utbetalingstidspunktet for det urettmessige tilskotet. Av omsyn til forenkling vert det – i motsetnad til føresegna i produksjonstilskotsforskrifta – ikkje gjort noko skilje mellom ulike grader av aktløyse. Slik andre ledd er utforma vil det kunne krevjast renter frå utbetalingstidspunktet i alle tilfelle der mottakaren ikkje har vore i aktsam god tru om feilutbetalinga.

Sjølv om utkastet er ordlagt som ei «kan»-føresegn, vil den klåre hovudregelen være at starttidspunktet renteperioden *skal* setjast til utbetalingstidspunktet. Dette har samband med at mottakar elles vil kunne oppnå ein likviditetsfordel ved å gje feilopplysingar til Landbruksdirektoratet. Samstundes ser departementet at det ikkje nødvendigvis er rimeleg at parten må bære ansvaret for forhold som skuldast forvaltinga, t.d. unødig lang sakshandsamingstid. Det er likevel heller ikkje gitt at parten skal sitte attende med ein gevinst i slike høve. Ei løysing vil då kunne vere å dele renteperioden slik at ein krev forseinkingsrenter i perioden frå utbetalinga skjedde til det vert treft vedtak i første instans, medan ein reknar sagnadsrente (f.eks. lik ordinær innskotsrente) i perioden frå vedtaket i første instans vert treft og fram til betaling skjer.

Departementet føreslår også å vidareføre heimelen til å avkorte føretak som urettmessig har motteke tilskot på grunnlag av feilopplysingar. Manglande rapportering av endring i føretaket sitt driftssenter og dyra sin karenstatus⁴ vil være typiske døme på brot på føretaket si opplysningsplikt etter forskriftsutkastet § 11, og føretaket vil dermed etter tilhøva kunne avkortast i samsvar med utkastet § 13.

Som nemnt under kap. 3.2, føreslår departementet derimot å ikkje vidareføre gjeldande føresegner om avkorting av tilskot ved brot på andre delar av forskrifta enn dei som knyter seg til opplysningsplikta. Pristilskot vert utbetala som ein sats per einig levert vare. Dette betyr at

⁴ Sjø omtale under kap. 3.4 ovanfor.

vara enten oppfyller vilkåra for tilskot eller så gjer han det ikkje. Departementet meiner at retting av feilutbetalingar, eventuelt med eit rentetillegg,⁵ normalt vil vere tilstrekkeleg i slike høve. Skuldast feilutbetalinga forsettlege eller grovt akklause forhold, vil føretaket også kunne straffast i medhald av straffelova sine føresegner om bedrageri.

Når det gjeld brot på særlovgjevinga knytt til jordbruksverksemd eller næringsmiddelhandtering, meiner departementet at slike brot primært bør sanksjonerast i medhald av det regelverk som regulerer dei aktuelle forhold. Det synast her til at særlovgjevinga i dei fleste tilfelle har føresegner som regulerer brot på det aktuelle regelverket, og at slike sanksjonar normalt vil vere meir målretta enn gjennom eit negativt vedtak i medhald av pristilskotregelverket. Eit døme på slikt særregelverk er dyrevelferdslova, der brot på regelverket kan medføre langt strengare reaksjonar enn avkorting av pristilskot. Departementet føreslår derfor å ikkje vidareføre heimelen for avkorting i slike høve.

5.5 Tilbakekall av godkjenning som tilskotsformidlar

Gjeldande rett

Etter gjeldande forskrift om formidling av pristilskot § 8 kan Landbruksdirektoratet ved brot på vilkår som er sett i forskrifta eller i medhald av den nekte omsetnadsledd å fungere som tilskotsformidlar for ei periode på inntil tre år. Tilsvarende gjeld ved brot på andre føresegner som regulerer omsetnadsleddet si verksemd.

Forskriftsframlegget

Departementet føreslår som nemnt under punkt 4.3 å forskriftsfeste krav til godkjenning av føretak som formidlarar av pristilskot. Ei godkjenning som formidlar av pristilskot inneber ein fullmakt til å kunne formidle høvesvis store beløp, noko som gjer at skadeverknadane ved eventuelt misbruk kan verte store. Som ein parallell til føresegnene om godkjenning vert det føreslått å forskriftsfeste ein heimel til å kunne kalle tilbake godkjenninga som formidlar ved brot på vilkår eller føresetnader for godkjenninga. Brot på vilkår vil typisk vere brot på krava som gjeld tilskotsformidling etter utkastet § 9. At føretak som formidlar pristilskot driv i samsvar med lover og regelverk som regulerer verksemda vil òg vere ei føresetnad for godkjenninga. Forskriftsframlegget er i hovudsak ei vidareføring av gjeldande heimel for tilbakekall, men slik at han i større grad reflekterer at det kravst ei godkjenning for å kunne formidle pristilskot, sjå forskriftsutkastet § 14.

Når det gjeld heimelen til å nekte føretaket å fungere som tilskotsformidlar, vert det føreslått å ta bort tidsgrensa på tre år. Eit vedtak om tilbakekall av godkjenning har ikkje noko pønalt føremål, men skal trygge ei forsvarleg forvaltning av tilskotsmidlane. Vedtaket om tilbakekall bør såleis kunne stå fram til det er dokumentert at tilskotsformidlar har retta opp i dei forholda som grunn gav tilbakekallet av godkjenninga, og slik at føretaket på ny oppfyller vilkåra for formidling av pristilskot. Ved grove eller gjentekne regelverksbrot vil det kunne vere naturleg at forvaltninga krev at omsetnadsleddet kan dokumentere at dei over noko tid oppfyller vilkåra for formidling av pristilskot før det eventuelt gjevast ny godkjenning. Departementet ser det likevel ikkje som naturleg at det forskriftsfestast ei tidsgrense for når det kan gjerast nytt ved-

⁵ Jf. høyringsutkastet § 12 tredje ledd.

tak om godkjenning, utan at det må følgje av ein konkret vurdering ut frå forholda i den ein-skilde sak.

5.6 Fritak

Gjeldande rett

Etter pristilskotforskrifta § 15 og formidlingsforskrifta § 10 kan Landbruksdirektoratet i «særlege tilfeller» gje fritak frå føresegnene i dei respektive forskriftene. Etter ordlyd og gjeldande praksis vert fritaksheimelen praktisert strengt.

Forskriftsutkastet

Slik gjeldande fritaksheimel er utforma, kan det i prinsippet gjevast fritak frå alle føresegner i både pristilskotforskrifta og formidlingsforskrifta. Departementet ser ikkje det som tenleg med ein så vid fritaksheimel. Fritaksheimlar vil typisk berre vere aktuelle ved oversitting av søknadsfrist. Dette er føresegner som er regulert i forskrift fastsett av Landbruksdirektoratet. Til den forskriftsmynda som ligg til direktoratet er det også heimel til å kunne gje føresegner om fritak frå slike meir administrative føresegner. Departementet meiner difor at det ikkje er naudsynt å vidareføre gjeldande fritaksheimlar i ny pristilskotforskrift, som i hovudsak er knytt til dei meir faste grunnvilkår for tildeling og forvaltning av pristilskot.

6. Overgangsføresegner

Sidan det etter framlegget vert etablert eit krav til godkjenning for å kunne drive formidling av pristilskot, føreslår departementet ein overgangsføresegn om at føretak som driv formidling i samsvar med gjeldande regelverk, ikkje treng søke om godkjenning etter nytt regelverk, sjå forskriftsutkastet § 17. Sidan gjeldande regelverk set strengare krav til tilskotsformidlar, reknar ikkje departementet det naudsynt med ei ny godkjenning av eksisterande tilskotsformidlarar.

7. Økonomiske og administrative følgjer

Denne forskrifta er i hovudsak ein vidareføring av gjeldande rett, og dei endringane som er føreslått inneber ikkje større materielle endringar. Departementet reknar difor ikkje at framlegget vil ha nemnande økonomiske eller administrative følgjer.